

# Årsrapport 2025

Her får idear liv og menneske plass

---

Gjennom fellesskap og tryggleik skapar vi vekst  
- for menneska, idear og samfunn

# 01

## Leiars beretning

Leiars beretning 3



# 02

## Introduksjon av KIM

Organisasjonskart 6  
Visjon, formål og strategi 7



# 03

## Aktivitetar, resultat og måloppnåing

Aktivitetar og resultat 10  
Høgdepunkt gjennom året 11  
Dei store tala 12  
Våre arenaer 13  
Medarbeidarundersøking 25  
HMS-tala 26



# 04

## Vurdering av framtidsutsikter

Arbeidsglede og framtidstru 28  
Sju trendar som formar arbeidslivet 29  
Styring og kontroll 31  
Formalkompetanse 32



# 05

## Sosial berekraft

Berekräftsbevis 34  
Sosial berekraft 35



# 06

## Årsrekneskap

Resultatrekneskap 38



# Leiars beretning



Morgan Taule  
- Dagleg leiar

**2025 var året vi verkeleg tok eit steg fram!**

**To arbeidstakarar gjekk vidare til fast jobb i ordinære verksemdar, og fleire er ute i fast hospitering – til saman 25 % av arbeidsstokken. Alle som har vore hjå oss over eitt år fekk vårt Ferdigheitsbevis. I tillegg nådde vi rekordomsetnad av varer og tenester. Kan det bli betre?**


Svaret på spørsmålet er: Ja, vi kan framleis bli betre! Vår visjon er: Her får idear liv og menneske plass. Visjonen vår forpliktar oss til alltid å søkje utvikling. Gjennom fellesskap og tryggleik skapar vi vekst – for menneske, idear og samfunn.

Gjennom året har vi hatt eit medvite fokus på arbeidsoppgåver som utfordrar oss litt ekstra. Vi veit at læring og meistring ofte skjer best når vi må strekkje oss litt for å nå måla våre.

Som arbeids- og inkluderingsbedrift rommar KIM eit stort mangfald. Nokre av dei tilsette har særleg styrke i repeterande oppgåver, medan andre trivst best med varierte og meir komplekse arbeidsoppgåver.

Å kunne tilpasse arbeidet til den enkelte sine føresetnader og moglegheiter har vorte ei av våre viktigaste styrkjær.

Hos oss skal alle som vil, få høve til å bidra til vekst og utvikling og finne sin plass – både som medmenneske, arbeidstakar og som ein del av fellesskapen. I 2025 prioriterte vi kompetanseutvikling, trygg økonomisk styring og kreativ tenking. Denne kombinasjonen har gitt det beste resultatet i bedrifta si historie.



**“... rekordomsetnad av varer og tenester”**

## “... Ferdigheitsbevis til alle tilsette.”

## “... som følgje av grundig og godt arbeid ...”

Skal eg trekkje fram det eg personleg er mest stolt over, må det vere arbeidet arbeidsrettleiarane våre har lagt ned innan kompetansebygging. Arbeidstakarane våre fekk i desember eit synleg bevis på at dei både kan og vil. I tillegg fekk vi vår første lærekandidat som fullførte utdanninga si – grådig kjekt!

Eg vil også trekkje fram to andre viktige fokusområde i 2025; eit ønskje om auke i omsetnad, og eit mål om å ikkje ha alvorlege avvik innan HMS- og kvalitetsarbeid. Dette klarte vi som følgje av grundig og godt arbeid med ISO 9001:2015.

I 2025 starta vi arbeidet med å vurdere om vi som bedrift er rusta til å møte nye krav og utfordringar. Eg tenkjer her særleg på faglege utfordringar knytte til tenesteleveransen vår, og korleis vi kan innrette oss for å bli endå betre på fag, varer og tenesteproduksjon.

Styret og dei tilsette i KIM meiner at vi som selskap bør søkje tettare band med andre verksemdar i regionen. Hausten 2025 kunne eg difor melde til eigaren vår at vi var klare for neste utviklingssteg, som kan bli ein fusjon med andre bedrifter.

Vi trur at regionen – og dei arbeidstakarane vi er til for – treng ei fagleg solid bedrift. Dette betyr ikkje ei sentralisering av lokasjonar, men heller ei styrking av vår samla fagkompetanse. Ei slik bedrift kan ha større fokus på fagleg utvikling, og kan gi gode arbeidstilbod der arbeidstakarane bur.

Til slutt vil eg rette ein stor takk til arbeidstakarar på alle nivå, til styret og til eigaren vår. Takk også til NAV, leverandørar og alle kundane våre. Takk for at de viser oss tillit og gir oss moglegheit til å skape ein stad der idear får liv og menneske plass.



# 2

*"Vi lukkast når varer og tenester vert utførte med høg kvalitet av våre VTA-tilsette. Vi har sunn økonomi og er sertifisert etter ISO-9001:2015."*



Kapittel 2

## Introduksjon av KIM

**KNARVIK INDUSTRI OG MILJØ AS**

**DAGLEG LEIAR**

**FAGLEIAR**

**STYRET 2025**

Styreleiar	Rune Soltvedt
Styremedlem	Astrid Namtvedt Sylta
Styremedlem	Aleksander Myhr
Styremedlem	Don Kjetil Hansen Melvær
Styremedlem	Gro Anita Høgquist
Styremedlem	Trude Hosøy Andersen
Varamedlem	Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn
Varamedlem	Marius Hellan Hindenes



**Tekstilavdeling**



**Tre-og  
uteavdeling**



**Grafisk og  
montering**



**Kantina**



**Gjenbruksbutikken**



# Visjon, formål og strategi

Knarvik Industri og Miljø AS (KIM) vart etablert som sjølvstendig aksjeselskap 16. januar 1991. Då overtok Lindås kommune alle aksjane og vart eineeigar. Bedrifta kan difor i år feire 35 år som arbeids- og inkluderingsbedrift.

Vår viktigaste oppgave og primære føremål, er å kunne tilby arbeid til dei som treng tilrettelegging. Vi har fokus på at det skal vere «skikkeleg» arbeid. Det inneber at vi skal tilby etterspurde varer og tenester der arbeidsoppgåvene i hovudsak vert utførte av dei tilsette. Vi legg vekt på at det skal vere avgrensa involvering frå arbeidsrettleiarane.

**VISJON:** Her får idear liv og menneske plass

**MISJON:** Gjennom fellesskap og tryggleik skaper vi vekst - for menneska, idear og samfunn

**VERDIAR:** Kreativ - Unik - Lærande - Trygg

## KIM opplever Kreativitet når;

- Vi utviklar nye tenester og produkt
- Tilsette får nye utfordringar
- Vi oppdagar nye ferdigheiter og interesser hjå kvarandre

## KIM er ein Lærande organisasjon når;

- Læring skjer i praksis – ikkje berre på papiret
- Vi deler kunnskap og lærer av kvarandre
- Vi har fokus på kompetanse og utvikling

## KIM er Unik når;

- Vi tilbyr oppgåver som passar den enkelte
- Vi gjev rom for forskjellar
- Store og små oppgåver vert løyst i fellesskap

## KIM gjev Tryggleik når;

- Vi vert sett og høyr
- Vi får tillit og ansvar
- Vi er saman med gode kollegaer



Vårt samfunnsoppdrag	Gjennom arbeid, opplæring og oppfølging skal KIM bidra til at fleire får høve til deltaking i arbeidslivet og oppleve meistring, tryggleik og inkludering.			
Mål for våre satsingsområde:	Mål 1: Menneske: Vi er unike og trygge i vårt arbeidsfellesskap. Vi vert sett og høyr som dei personane vi er.	Mål 2: Kompetanse: Vi kan faget vårt og lærer nye ferdigheiter av kvarandre, NAV og iArbeid.	Mål 3: Varer og tenester: Vi utviklar varierte- og framtidretta arbeidsoppgåver. Vi har vare- og tenesteproduksjon av høg kvalitet, etterspurd av NAV, samarbeidspartnarar og kundar.	Mål 4 Berekraft: Vi har fokus på FN sine berekraftsmål. Me tenkjer globalt, og handlar lokalt.
Vi har lukkast når:	Våre verdiar som selskap styrer vårt arbeide på KIM.  Modellen «100% ansvar» og lagdeling er styrande for korleis vi utøver leiarskap.  Alle er kjend med eigne arbeidsoppgåver og sine roller i bedrifta.  Vi gjennomfører årlege medarbeidarundersøkingar.	Vår samla kompetanse tilfredsstiller fullt ut gjeldande kompetansekrav frå NAV.  Vi har til ei kvar tid oversikt over samla kompetanse på KIM.  Fagplanar frå vidaregåande skule er utgangspunkt for «Min plan».  Vi er godkjend som lærebedrift og tilbyr stillingar for lærekandidatar.	Oppfølging av VTAO er ein naturleg del av vårt tenestetilbod til NAV, og vi utvidar VTA-tilbodet når NAV opnar for fleire plassar.  Vi har lærekandidatar og tek imot elevar frå vidaregåande skular, og tidlegare VTA-tilsette får tilbod om KTA-plass.  Varer og tenester vert utført med høg kvalitet av våre VTA-tilsette. Vi har sunn økonomi og ISO-9001:2015-sertifisert.	Vi skal ha fokus på dese fire berekraftsmåla:  3. God helse og livskvalitet.  4. God utdanning.  8. Anstendig arbeid og økonomisk vekst.  12. Ansvarleg forbruk og produksjon.
Slik arbeider vi med måla våre:	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi er trygg på vår visjon, misjon, våre verdiar og mål.</li> <li>• Vi arbeider bevisst med å gjere kvarandre god, til å bli den beste versjonen av oss sjølv.</li> <li>• Vi snakkar med kvarandre - ikkje om kvarandre. Alle er like mykje verd og samstundes er vi unike.</li> <li>• Vi legg til rette for gode og trygge møteplassar.</li> <li>• Vi har fokus på at ingen opplever utanforskap.</li> <li>• Vi gjennomfører årlege arbeidsmiljøundersøkingar og medarbeidarsamtalar.</li> <li>• Vi har årlege vernerundar – HMS og AMU.</li> <li>• Vi har rutinar som sikrar alle eit trygt arbeidsmiljø.</li> </ul>	<p>VTA-tilsette har utviklingsplanar som er forankra i læreplanar for vidaregåande skule/interne planar.</p> <p>Alle arbeidsleiarar hjå oss har arbeidsrettleiar kurs.</p> <p>Vi har kompetanse innan «Karriereveiledning» og «Supported/Customized Employment».</p> <p>Vi er medlem av iArbeid.</p> <p>Ved ledige stillingar vert behov for ny eller manglande kompetanse alltid vurdert fyrst.</p> <p>Læring vert delt med andre.</p> <p>VTA deltar på kurs og kompetansetiltak som bidreg til meistring og sjølvstende.</p> <p>Vi samarbeider med Aufera, Gløde, Einekavane og Opro i høve til kompetansetiltak.</p>	<p>Vi er godkjent som tiltaksbedrift av NAV.</p> <p>Vi er ISO-9001:2015-sertifisert.</p> <p>Vi er godkjent lærebedrift.</p> <p>Vi påverkar VTA-tilbodet nasjonalt gjennom iArbeid: VTA-plassar og VTAO-tilbodet til inkluderingsbedrifter.</p> <p>Vi har jamleg møte med skular, og NAV i høve til å rekruttere fleire til VTA/VTAO.</p> <p>Helse og servicefag skal vere vårt satsingsfelt innan VTAO.</p> <p>Vi leverer varer og tenester av høg kvalitet og til rett pris i ein konkurransemarknad.</p> <p>Nye produkt og tenester bidreg til interessante arbeidsoppgåver og positivt økonomisk resultat for KIM.</p> <p>Vi har langsiktige avtalar med våre største samarbeidspartnarar.</p>	<p>Nr 3. God helse og livskvalitet</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi tek vare på kvarandre</li> <li>• Godt arbeidsmiljø</li> <li>• Tilbyr sunn kantinemat</li> </ul> <p>Nr 4. God utdanning</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Variasjon i arbeidet</li> <li>• Kurs/ utvikling for alle</li> <li>• Læreplanar som verktøy for læring, utvikling og kompetanse</li> </ul> <p>Nr 8. Anstendig arbeid og økonomisk vekst.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ligestilling</li> <li>• Sunn økonomi</li> <li>• Meningsfullt arbeid</li> </ul> <p>12. Ansvarleg forbruk og produksjon</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi er i løpet av 2026 ISO:14001-sertifisert</li> <li>• Elektriske bilar og utstyr der det er mogleg</li> <li>• Gjenbruk som forretningside</li> </ul>

# 3



*“... kunne utvikle menneske til å bli ein betre versjon av seg sjølv, slik at ein kan ta nye steg i arbeidslivet”*

Kapittel 3

## Aktivitetar, resultat og måloppnåing

# Aktivitetar og resultat 2025

2025 har vore eit år med vekst innan både fag, tenester og vareproduksjon. Vi har hatt eit **MÅL** om å utvikle menneske til å bli ein betre versjon av seg sjølv, slik at dei kan ta nye steg i arbeidslivet – internt eller eksternt. Fokus har vore arbeidsmiljø, leining og god fagleg kvalitet i alle ledd. Dette har gitt **RESULTAT**. Våre tilsette har vore i hospitering hos andre arbeidsgivarar, og nokon har fått seg ny jobb i det private næringslivet. Ikkje minst har vi kunna dele ut Ferdigheitsbevis til alle som har arbeid hos oss i meir enn eitt år.

Vare- og tenesteproduksjonen vår har opplevd auke, med ein særleg topp for Gjenbruksbutikken vår. Vi tok imot og sorterte om lag 185 000 kg varer, og omsette for 4,7 millionar kroner. Samarbeidet vårt med Hillesvåg Ullvarefabrikk vore ei positiv oppleving. Arbeidet vi utfører for dei har sikra at vi har arbeid kvar dag. Tidlegare kunne vi oppleve stor variasjon i arbeidsmengde og oppdrag. Vår største **UTFORDRING** er: Vi har arbeid, vi har kundar, og vi har venteliste med personar som ønskjer å arbeide hos oss – men vi manglar tiltaksplassar.

Gjennom iArbeid har vi lokalt vore ein pådrivar for å kunne fange opp personar som står utanfor arbeidslivet. Dagleg leiar har vore nestleiar i landsstyret til iArbeid, og har elles delteke aktivt i arbeidet opp mot det politiske miljøet. Avtale om møte med Hordalandsbenken på Stortinget vart mellom anna gjort hausten 2025. Dette for å synleggjere behovet for fleire tiltaksplassar i pressområda i regionen vår. Vi har også synleggjort at det på landsbasis har kome forholdsvis få nye plassar til Vestland.

**TILTAK** elles er å halde tett og god dialog med NAV i regionen vår. NAV skal ha honnør for å vere fleksible i bruken av tiltaksplassar på tvers. Dette har gjort at vi på KIM har fått disponere to ledige plassar frå ei anna inkluderingsbedrift i regionen.



# Høgdepunkt gjennom året



## 1 KVARTAL JANUAR-MARS

Vi fekk tilført midlertidig 2 VTA-plassar.

Ein av våre tilsette fekk tilbod om VTAO-stilling.

Oppstart utredning om mogleg fusjon mellom verksemdene i NH.

Oppstart av trykkerianbud for Alver Kommune.



## 2 KVARTAL APRIL-JUNI

Første gong over kr 400.000 i månedleg omsetnad på Gjenbruksbutikken.

Lærekandidat bestod kompetanseprøven i kokkefaget.

Deltaking på ASVL-konferanse i Trondheim.



## 3 KVARTAL JULI-SEPTEMBER

Ny stor kunde på vedavdelinga med estimert ca. 1800 sekker pr. år.

ISO-revisjon: Ny godkjenning utan avvik eller merknader.

Nytt oppdrag: Samarbeid med utbyggarar om rydding i byggeprosjekt.



## 4 KVARTAL OKTOBER-DESEMBER

Ein av våre VTA-tilsette fekk tilbod om VTAO-stilling.

Ny strategiplan for KIM vart vedteken - visjon og verdjar for bedrifta.

Alle VTA-tilsette fekk Ferdigheitsbevis.

Aktivitetsdag for alle VTA-tilsette i Nordhordland.

Blåtur for alle tilsette.

Ein av våre VTA-tilsette opptrer med song på NAV si regionsamling.

## 2025 Dei store tala




2

Lærekandidatar  
i 2025

57

Tilsette i 2025



5


VTA-tilsette i hospitering i  
ulike bedrifter i 2025

2

Antall tilsette som fekk overgang  
frå VTA til VTAO i 2025

1,9

Overskot for 2025 i millionar



53%

53% av køyrde KM er gjort med  
elektrisk bil

4,2


Google-score



56,13

56,13% av inntekter er eigen  
produksjon. Resten er tilskot

185000kg


Varer motteke og sortert  
på gjenbruksbutikken

80%

Sorteringsgrad av avfall  
frå KIM til NGIR

2

Lokasjonar underlagt KIM



19995kWt

Redusert straumforbruk  
i 2025 mot 2024

## Hospitering, VTAO, lærekandidatar og elevar

### Hospiteringar:

Det har vore ei auka interesse for hospitering blant VTA-tilsette i 2025. Dette skuldast nok både at fleire har fått meir tru på seg sjølv og eigne ferdigheiter, og at nokon vert «smitta» av at andre får moglegheita. Vi har snakka med mange arbeidsgjevarar, men har ikkje lukkast med å finne hospiteringsarenaer til alle som vil forsøkje seg.

Tilbakemeldingane har for det meste vore at arbeidsgjevar er positiv til samarbeid, men at dei ikkje har kapasitet til å følgje opp vedkomande. Dette har vi sjølv sagt respekt og forståing for. I 2025 hadde 5 av våre VTA-tilsette avtale om hospitering, då i stillingsprosentar frå 20 – 50 %. Fire av dei jobbar i ulike butikkar, medan ein jobbar med reinhald.

### VTAO - Varig Tilrettelagt Arbeid i Ordinær verksemd

Når det gjeldt overgang frå VTA til VTAO har 2025 vore eit godt år. I mars 2025 byrja ein tilsett i delt VTA/VTAO-stilling i butikk, og i november fekk ein anna tilsett tilbod om 100 % VTAO-stilling som kjøkken- og kontorhjelpar. Vi er særst glad på deira vegne, og vi veit at dette betyr mykje for dei som fekk seg ny jobb.

### Lærekandidatar:

I 2025 hadde vi to lærekandidatar i bedrifta, ein i salsfaget og ein i ernæringskokkfaget. I mai bestod lærekandidat i kokkefaget kompetanseprøve og fekk sitt kompetansebevis.



Lærekandidatordninga gir verdifull arbeidserfaring og opplæring i eit trygt og variert arbeidsmiljø. Gjennom praktisk arbeid får lærekandidatane utvikle både faglege ferdigheiter og oppleve meistring. Vi ser på dette som ein viktig del av samfunnsansvaret vårt og arbeidet vårt med inkludering og kompetansebygging.

### Elevar:

Vi har eit godt samarbeid med skulane i regionen om arbeidspraksis, og vi forsøker til ei kvar tid å ha elevar på alle våre avdelingar. Elevane jobbar som regel 1-2 dagar pr. veke i alt frå 1 – 6 månadar, og kan verte kandidatar for VTA-plass etter kvart. I løpet av 2025 hadde vi 8 elevar på KIM, då fordelt på ulike avdelingar. Ein av desse har no fått VTA-plass hjå oss.

## Mål 2026

Lærekandidatar i fleire fag. Hospitering og samarbeid med nye arbeidsgjevarar og bransjar, då til dømes helsesektoren.

### Utfordringer og tiltak

Arbeidsgjevarar er positive til samarbeid men har ofte manglande kapasitet til å følgje opp kandidatar. For å avhjelpe arbeidsgjevar og auke moglegheitene for hospitering, skal vi tilby å vere med på opplæringa så lenge det er naudsynt, dvs at vår arbeidsleiar er med som støtte i ny jobb til vedkomande er trygg på oppgåvene. Dette håpar vi på vil gje fleire hospiteringsmoglegheiter i 2026.



Tim Marius Vågstøl  
- Fagleiar



## - vår arbeidsgjevar og interesseorganisasjon

iArbeid er ein uavhengig og landsdekkande arbeidsgjevar- og interesseorganisasjon for bedrift som skapar sosial berekraft ved å få fleire i utdanning og arbeid.

Medlemmene skapar moglegheiter for personar som har utfordringar med å få eller behalde arbeid.

35 %

av iArbeids medlemsbedrifter har ansatte i tilrettelagt arbeid som bidrar til å løse arbeidskraftbehov i andre bedrifter

6 av 10

av iArbeids medlemsbedrifter må avvise søkere fordi de ikke har nok tilrettelagte arbeidsplasser

4,6 mrd

kroner er samlet omsetning i iArbeids medlemsbedrifter

4 av 10

av iArbeids medlemsbedrifter har eiere som bruker mulighetene i lov om offentlige anskaffelser for å inkludere flere i jobb



2 arbeidsretteleiarar  
10 VTA  
2 KTA  
4 elever



Würth  
Hillesvåg ullvarefabrikk  
Dahl/Optimera  
Åsane Historielag +++

## Grafisk og montering

På grafisk avdeling starta året med oppstart av ein anbudsavtale med Alver kommune, der vi står for alt av trykksaker i kommunen. Vi har òg faste kundar som Åsane historielag, Herand bygdelag, lokalforeiningar og bedrifter.

Som resultat av auka produksjon vart det investert i ny graveringsmaskin. I løpet av året har vi også fått fleire operatørar og designarar innan gravering.

På monteringsavdelinga har vi tre større oppdragsgivarar som gir oss faste oppgåver jamt gjennom store delar av året. Hillesvåg Ullvarefabrikk har gitt oss oppdrag med garn, der vi klargjer buntar med garn til butikksal.

Würth Industry Norge har ansvar for å supplere varer til Bergen Engines, der vi produserer kit til service- og vedlikehaldsavdelinga.

Optimera og Brødrene Dahl har, saman med oss, utvikla ei handverkarmatte som vi produserer for sal i alle Monter, Optimera og Brødrene Dahl-butikkar i Noreg.

I tillegg har vi fleire mindre kundar innan montering, som Aksell, Manchester United Supporter Club Scandinavia, Grafisk Hus med fleire.

Makuleringsarbeid er ein stor del av denne avdelinga. I 2025 makulerte vi over 25 tonn papir. Det vert makulert for både faste kundar og eingongskundar.

I 2025 har vi hatt ei auke i talet på kundar frå mellom anna Bergen og Askøy. Maskina vår opererer med tryggleiksgrad P-5, som er ein høg tryggleiksgrad.



### Mål 2026

I 2026 skal vi arbeide for at det er minst mogleg opphald i arbeidet.

Vi skal synleggjere for kundane dei moglegheitene vi har, særleg innan grafisk arbeid og gravering. Vi skal også sjå på moglegheiter for auka produksjon innan grafisk design og tilby dette meir aktivt til kundane våre.

### Utfordringer og tiltak


Avdelinga har jamt over arbeid gjennom heile året, men kan i korte tidsrom oppleve færre oppdrag som følgje av redusert tal på bestillingar.

I 2025 har det vore få slike tilfelle samanlikna med dei føregåande åra.

Ved behov samarbeider vi med andre avdelingar som har trong for personell og bistand i arbeidet.



VARE	TAL
Pakking av kit for Würth	5300
Trykking av hefter	10000+
Håndverkermatten	1100
Pakkeoddrag Hillesvåg	140000
Trykksaker	40000+
Gravering produkter	8500+
Papirmakulering	25000+
Basarårer	4000+





1,5 arbeidsrettleiarar  
8 VTA  
1 KTA  
3 elever



Orion Prosjekt AS  
Bergen Laugarlag  
Burettslag/sameiger  
Alver Kommune

## Tre og uteavdeling

Tre- og uteavdelinga vår har varierte oppgåver knytte til dei ulike årstidene. På seinhaust og vinter er vedproduksjon og vedlevering i fokus, medan plen- og hagearbeid dominerer om våren, sommaren og tidleg haust.

Når det gjeld heilårsoppgåver, har avdelinga ansvar for noko renovasjon i Knarvik - "Hald Knarvik Rein". Vi tek også på oss ulike transport- og flytteoppdrag når vi har kapasitet.

Faste kundar er mellom anna Knarvik Senter, Alver kommune, Bergen Laugarlag og ulike burettslag i Knarvik og på Frekhaug. Hovuddelen av dei private vedkundane våre er òg kundar vi har hatt kontakt med tidlegare.

I siste halvdel av 2025 hadde vi dessutan eit samarbeid med Orion Prosjekt om rydding av nye leilegheiter i Knarvik Allé. Dette samarbeidet vil truleg gi oss meir arbeid i løpet av 2026.



### Mål 2026

Vi skal halde fram med å levere gode tenester og produkt til både faste og nye kundar.

Vi skal ha fokus på kvalitet og service og vere ein føretrekt leverandør av ved og transportoppdrag i nærområdet vårt.



### Utfordringer og tiltak

På grunn av store mengder fast sesongarbeid er det nokre gonger vanskeleg å finne ein god balanse mellom dette og nye oppdrag.

Det er også oppgåver som ikkje er overkommelege for alle på avdelinga å vere med på. Det er derfor viktig å vurdere grundig kva type ekstra oppdrag avdelinga skal ta på seg.

### ARTIGE FAKTA

Vi har seld omlag 8500 vedsekkar i 2025.

Dette tilsvarar omlag 144000 vedkubbar. Desse på rad utgjør 43,35 kilometer – nesten 27 Nordhordlandsbruer.

I 2025 klypte vi plenar tilsvarande over 50 fotballbanar.





1 arbeidsretteleiarar  
2 VTA  
1 lærekandidat



Asko  
Troppo Gard  
Måkestad  
++

## Kantina

Kantina har ei sentral rolle i KIM og driv i hovudsak med matlaging for dei tilsette. I tillegg fungerer vi som kantine for bedrifter som leiger kontor hos oss, samt for eksterne gjester som ønskjer ein matbit. Fleire ulike lag er jamleg innom kantina og brukar dette som sine sosiale møtepunkt.

Avdelinga tilbyr opplæring i kokkefaget for lærekandidatar som ynskjer kompetansebevis. I 2025 hadde vi ein kandidat som besto sin kompetanseprøve.

Kantina er også ein viktig sosial møteplass i organisasjonen. Det er her vi samlast til dagleg lunsj, ved arrangement og markeringar. Vi held også kurs her og har sosiale samlingar utanom arbeidstida.



### Mål 2026

I 2026 har kantina som mål at fleire tilsette skal kunne ekspedere kundar og meistre kassesystemet på ein trygg og sjølvstendig måte.

Vi skal bli flinkare til å berekne tidsbruken i matlaginga og planleggje og gjennomføre arbeidsoppgåvene meir effektivt. Vekemenyar skal utarbeidast i god tid og bli meir varierte.

### Utfordringer og tiltak

I kantina har vi til tider utfordringar med å tilpasse arbeidstempoet til arbeidsmengda som skal vere ferdig innan fastsette klokkeslett. Dette er noko vi arbeider kontinuerleg med og øver på i det daglege arbeidet.

Ei anna utfordring oppstår ved bestilling av møtemat eller andre oppdrag utanfor det ordinære tilbodet. I slike tilfelle fell ofte ein større del av arbeidet på arbeidsleiaren.

For å lette arbeidsbelastninga prøver vi å førebu mest mogleg på førehand, samstundes som vi arbeider med å bli meir nøyaktige og sjølvstendige i gjennomføringa av oppgåvene.



### NØKKELTAL FOR 2025

Lærekandidat fullført læreløp i kokkefaget og bestått

Kantina har vore leigd ut meir enn 40 gongar

Vi har seld 95kg med salat gjennom siste kvartal

Samlingspunkt for tilsette både på jobb og på fritida





1,5 arbeidsretteiarar  
6 VTA  
4 KTA  
2 hospitantar



Kleopatra Bunadssaum  
Statsbygg  
Eknes  
Sankerens Løe  
Aufera

## Tekstilavdelinga

Tekstilavdelinga produserer mange ulike produkt, til dømes gryteklutar, puter, panneband, sitjeunderlag, vesker, sokkar, sjal og ponchoar. I 2025 opplevde vi god etterspurnad etter produkta våre, og desse vart anten seld i vår eigen butikk, på messer eller til ulike kundar.

Avdelinga har faste kundar som vi hjelper med brodering, til dømes Kleopatra Bunadssaum og Airin Bunad og Skreddarverkstad. Andre faste kundar er Sankarens Løe, Aufera og Gløde.

I løpet av 2025 har vi også hatt ulike oppdrag for Grafisk Hus, Eknes Industrier, Ung Uteservice og Manchester United Supporters Club. Vi fekk òg oppdraget med å lage skoovertrekk til Gamlehaugen.

Ved sida av ulikt handarbeid har avdelinga også oppgåver knytte til å skilje papir frå perm i bøker, i samarbeid med NGIR. Vidare lagar vi ullkart for Hillesvåg Ullvarefabrikk og syr bæreselar til arbeidsmattar for Optimera og Brødrene Dahl.



### Mål 2026

Vi skal utvikle og marknadsføre nye produkt og ha jamn aktivitet gjennom heile året.

Vi skal også leggje opp til auka produksjon i forkant av dei travle månadene før jul.

### Utfordringer og tiltak

Sjølv om vi har fleire faste kundar, kan oppdragsmengda variere mykje i løpet av året. Dei første månadene er ofte rolege og dette gir oss perioder på avdelinga der ikkje alle har like mykje arbeid.

I slike tilfelle vil vi hjelpe andre avdelingar med arbeidskraft.

### ARTIGE FAKTA

Vi har i 2025 brukt nok strikkegarn til å strekkje det rundt Knarvik stadion meir enn 835 gonger.

I 2025 har vi brukt nok forsterkningsgarn til å rekke over Nordhordlandsbrua meir enn 10 gonger.

I 2025 fekk vi ei kongeleg bestilling då vi laga skoovertrekk til Gamlehaugen.

Vi har brukt nok renningstråd på vevane våre til å strekke Knarvik Helsehus meir enn 13 500 etasjar.





2 arbeidsrettleiarar  
4 butikktilsette  
10 VTA  
1 lærekandidat  
3 elever



NGIR  
Fretex  
BUA  
+++

## Gjenbruksbutikken

Gjenbruksbutikken er ei allsidig og aktiv avdeling med eit breitt spekter av arbeidsoppgåver.

Her arbeider vi med mottak og logistikk, varehandtering og prissetjing, samt kassearbeid, kundeservice, marknadsføring og avfallssortering. Butikken gir dei tilsette varierte oppgåver og moglegheit til å utvikle ferdigheiter både innan praktisk arbeid og kundebehandling.

Avdelinga tilbyr også opplæring i salsfaget for lærekandidatar som ynskjer kompetansebevis.

Vi tek sosial berekraft på alvor og arbeider aktivt for at bruksgjenstandar skal vere tilgjengelege for flest moglege.

Alt avfall som kjem inn til oss, blir nøye sortert for å sikre at minst mogleg går til restavfall, og at mest mogleg kan materialgjenvinnast eller gjenbrukast.

NGIR er vår største leverandør. Dei gir kundane høve til å levere tinga sine på gjenvinningsstasjonane deira. På den måten får vi varer frå ein større del av regionen til butikken vår. Samarbeidet med NGIR er ein sentral del av verksemda vår og understrekar rolla butikken har i det lokale miljø- og gjenbruksarbeidet.



## Mål 2026

I 2026 skal fleire medarbeidarar delta i vareprising, samstundes som vi sikrar jamn kvalitet på arbeidet. Vi skal leggje til rette for eit breiare spekter av arbeidsoppgåver på ulike nivå, slik at fleire kan delta ut frå eigne føresetnader og oppleve meistring i arbeidskvardagen. Vi ønskjer også å auke andelen varer som vert gjenbrukte framfor å verte kasta.

## Utfordringer og tiltak

Ei utfordring i det daglege arbeidet i gjenbruksbutikken er prissetjing av varer. Ikkje alle har tilstrekkeleg kompetanse eller erfaring til å fastsetje pris, noko som ofte gjer at arbeidsleiaren må ta denne oppgåva. Vi arbeider difor med opplæring og rutinar som skal gjere prisarbeidet enklare og gjere fleire trygge i oppgåva.

Ei anna utfordring er at nokre plasserer avfall utanfor butikken etter stenetid. For å forebyggje dette har vi sett opp informasjonsplakatar og vurderer også andre tiltak, til dømes kameraovervaking.



## NØKKELTAL FOR 2025

Vi har henta og sortert 184 464 kg gjenstandar.

Omsetninga auka frå 2024 til 2025 med heile 11,52 %.

Månadleg omsetningsrekord i november.

Vi selde 136 193 individuelle varer i 2025 og 45 varer gjennom finn.no



# Medarbeidarundersøking



Å verte sett og høyr	😊	😐	☹️	Mål 2025
Eg opplever at eg vert sett på jobb.	25	9	1	
Eg opplever at eg vert høyr når eg seier mi meining.	17	12	3	
Leiaren min lyttar til meg.	17	12	3	
Eg får vere med og seie kva eg meiner om arbeidsoppgåvene mine.	24	4	2	
Eg føler at det er gjer på jobb er viktig.	24	8	0	
<b>Trivsel og arbeidsmiljø</b>				
Eg trivst på jobb.	31	5	1	
Eg føler meg trygg på jobb.	29	5	1	
Eg kjem godt overeins med dei eg jobbar saman med.	27	7	0	
Eg får hjelp når eg treng det.	29	5	1	
Eg gler meg til å gå på jobb.	24	8	0	
<b>Utvikling og meistring</b>				
Eg forstår kva arbeidsoppgåvene mine går ut på.	26	3	2	
Eg får oppgåver som passar for meg.	24	4	2	
Eg lærer nye ting på jobb.	23	7	1	
Eg får prøve nye arbeidsoppgåver når eg ønskjer det.	20	10	2	
Eg får ros når eg gjer ein god jobb.	22	7	2	
<b>Medverknad</b>				
Eg får vere med og påverke min eigen arbeidsdag.	24	4	2	
Eg veit kven eg kan snakke med dersom noko er vanskeleg.	25	9	1	
Eg opplever at meiningane mine vert tekne på alvor.	17	12	3	
Eg får god informasjon om det som skjer på arbeidsplassen.	26	3	2	
Alt i alt er eg nøgd med arbeidsplassen min.	31	5	1	

## Oppsummering:


Vi opplever at dei aller fleste trivst godt og opplever meistring i arbeidet ved KIM. Dei siste åra har vi gjennomført ulike spørjeundersøkingar i tillegg til personlege samtalar med kvar enkelt. Svara som kom fram i undersøkinga i 2025 samsvarer godt med det som har kome fram i samtalar med dei tilsette.

Ulike skjema dei siste åra har gjort det vanskeleg å samanlikne resultata frå år til år. Dette vil vi i større grad kunne gjere frå og med undersøkinga i 2025.


Spørjeundersøkinga blir gjennomført av studentar frå høgskulen.

Som eit resultat av medarbeidarundersøkinga i 2025 har vi auka fokus på medverknad. Det store fleirtalet opplever at meiningane deira betyr noko, men det er framleis nokre som ikkje opplever det slik. Vi har som mål at alle på KIM skal oppleve at meiningane deira er viktige.


## Avvik 2025



## Sjukefråvær 2025



## Kvinner/menn 2025



# 4



*"Inkludering er nøkkelen til ei av dei største samfunnsutfordringane våre"*

Kapittel 4

## Vurdering av framtidssutsikter

# Arbeidsglede og framtidstru



*"Det å kunne ha noko å gå til er viktig for min livskvalitet! Har ein arbeid å gå til slepp ein å sitja heime med dårlege tankar."*

Katrine Bjørsvik  
Produksjonsarbeidar  
Tekstilavdeling



*"Å få lov til å gå på jobb er noko eg gler meg til kvar dag."*

*Eit godt arbeidsmiljø er veldig viktig, og det må vere lov å tulle og tøyse."*

Joachim Næss Bergås  
Produksjonsarbeidar  
Tre- og uteavdeling



*"Framtida til KIM AS ser sterk ut. Vi byggjer vidare på kompetansen vår, står samla og utviklar tilbod som møter deltakarar og samfunnet sine behov."*

*Gjennom fagleg styrke, samarbeid og langsiktig tenking står vi rusta til å møte endringar – og til å vere relevante også i framtida."*

Janne Magnesen  
Arbeidsveileder  
Tekstilavdeling



*"KIM AS skal vere eit førebilete for korleis tilrettelegging, inkludering og kvalitet kan gå hand i hand."*

*Vi er ein aktør ein lyttar til, ein samarbeidspartnar ein stolar på, og ein arbeidsplass der menneske får moglegheit til å vekse."*

Frode Valestrand  
Arbeidsveileder  
Tre- og uteavdeling

# Sju trendar som formar arbeidslivet

Velferdssamfunnet er avhengig av at Noreg tek i bruk heile arbeidsevna i befolkninga. Desse sju trendane viser kva arbeidsgivarar, politikarar og offentleg sektor må førebu seg på.

## 1 Eldre befolkning - og fleire unge utanfor

**Drivkraft:** Noreg får færre yrkesaktive og fleire eldre. Samstundes står fleire unge utanfor arbeid og utdanning.

**Konsekvens:** Auka press på arbeidskraft og velferdsstat. Overgangen mellom skule, helse og arbeid fungerer ikkje godt nok.

**Moglegheit:** Verksemdar som klarer å mobilisere arbeidsevne der ho finst, blir viktige for eit berekraftig arbeidsliv.

## 2 Digitalisering endrar livet

**Drivkraft:** Kunstig intelligens, automatisering og digital transformasjon endrar oppgåver, tempo og kompetansekrav.

**Konsekvens:** Behovet for digital kompetanse aukar. Samstundes kan dårleg tilgjengelege løysingar skape unødige barrierar.

**Moglegheit:** Digital teknologi kan opne arbeidslivet for fleire gjennom:

- verktøy som tale-til-tekst, AI-assistentar og automatisering
- digital oppgåvedeling og fjernarbeid
- meir fleksibel opplæring og organisering av arbeid

Kort sagt kan digitalisering gjere det lettare å tilretteleggje arbeid og inkludere fleire – dersom løysingane er tilgjengelege.

## 3 Sosial berekraft blir eit krav

**Drivkraft:** Krav til berekraftsrapportering og ansvarleg verksemd aukar.

**Konsekvens:** Arbeidsgivarar må dokumentere korleis dei bidreg til inkludering, mangfald og samfunnseffekt.

**Moglegheit:** Inkluderande arbeidsliv og samarbeid med inkluderingsaktørar kan bli eit konkurransefortrinn.

## 4 Arbeidskraftmangel endrar organisering av arbeid

**Drivkraft:** Noreg vil mangle mange tilsette innan helse, omsorg, bygg, logistikk og service.

**Konsekvens:** Tradisjonelle heiltidsstillingar og faste arbeidstider blir utfordra. Fleire må rekrutterast blant personar med redusert arbeidsevne.

**Moglegheit:**

- betre oppgåvedeling
- team med ulik arbeidsevne
- fleksible arbeidstidsordningar

Dette kan opne arbeidslivet for fleire.

## 5 Polarisering kan utfordre mangfald

**Drivkraft:** Geopolitiske spenningar og økonomisk uro kan auke polarisering i samfunnet.

**Konsekvens:** Utsatte grupper kan få svakare vern og prioritet.

**Moglegheit:** Arbeidsgivarar og partane i arbeidslivet kan vere stabile drivkrefter for inkludering og mangfald.

## 6 Tenester må byggjast rundt mennesket

**Drivkraft:** Offentleg sektor må levere meir samanhengande og effektive tenester.

**Konsekvens:** Utfordringar knytt til samhandling mellom NAV, helse, utdanning og arbeidsgivarar fører til at ressursar ikkje blir utnytta.

**Moglegheit:** Tettare samarbeid og tverrfaglege løysingar kan knyte arbeidsgivarar saman med ubrukt arbeidskraft.

## 7 Kompetansekrav aukar - læring blir kontinuerlig

**Drivkraft:** Omstilling skjer raskare, og kompetanse må utviklast gjennom heile yrkeslivet.

**Konsekvens:** Personar utan tilgang til fleksibel læring kan falle utanfor.

**Moglegheit:** Modulbasert opplæring, praktiske læringsløp og tett oppfølging på arbeidsplassen kan gi fleire tilgang til arbeid.

## Konklusjon

Inkludering er nøkkelen til ei av dei største samfunnsutfordringane våre: Noreg manglar arbeidskraft - men ikkje menneske.

Fram mot 2035 blir arbeidsinkludering avgjerande for å:

- dekkje arbeidskraftbehovet
- sikre berekrafta i velferdsstaten
- handtere teknologisk omstilling
- styrkje sosial berekraft
- hindre utanforskap
- auke verdiskaping ved å ta i bruk #helelaget

# Styring og kontroll


Den overordna filosofien for styring og kontroll i KIM er bygd på at vi har dyktige tilsette. Med god kjennskap til verksemda sin strategi, visjon og mål tek dei gode val for eigen avdeling til beste for verksemda.

Vi arbeider ut frå eit mål om at arbeidsleiarane har fullt ansvar for sine ansvarsområde – 100 prosent ansvar – og at vi gjennom tett samspel har godt samarbeid mellom kollegaer på tvers av ansvarsområda.

Dette krev at kvar enkelt tilsett tek ansvar for å tileigne seg nødvendig kompetanse og til ei kvar tid har god oversikt over eigen arbeidssituasjon. Ein må kjenne eigne og avdelinga sine grenser, og søkje samarbeid der det er nødvendig.

Over tid har vi bygd opp gode rutinar for styring etter prinsippa i ISO-9001:2015. Vi veit kven vi er som selskap, i kva retning vi ønskjer å utvikle oss, og vi har god kjennskap til kva som skal til for å nå måla våre. Vi har også utvikla robuste system for å kunne møte utfordringar og moglegheiter som kan oppstå undervegs. Målet har vore å redusere risiko og samstundes sjå læring som ein viktig del av arbeidet dersom avvik oppstår.

Vi har eit bevisst forhold til at fag og økonomi må balanserast for å gi best mogleg resultat. Ein trygg og god økonomi er nødvendig for å kunne utvikle det faglege tilbudet vårt. Arbeidet vi utfører og produkta vi produserer må gi interessante oppgåver for dei tilsette, samstundes som dei bidreg til ei berekraftig økonomi for bedrifta.



# 5

Kapittel 5

## Sosial berekraft



*"Vi ser muligheter der andre ser problem ..."*

# Berekraftsbevis

34

For å synleggjere og anerkjenne verksemder som bidreg til sosial berekraft og eit meir inkluderande arbeidsliv, deler vi ut eit eige berekraftsbevis til samarbeidspartnarar som gjer ein særleg innsats.

Som arbeids- og inkluderingsbedrift er ei av våre viktigaste oppgåver å skape gode og utviklande arbeidsarenaer for menneske som treng tilrettelegging og oppfølging i arbeidslivet. For å lukkast i dette arbeidet er vi avhengige av tett og langsiktig samarbeid med næringslivet.

Berekraftsbeviset blir tildelt bedrifter som over tid samarbeider med oss gjennom mellom anna hospitering eller arbeidsarenaer for våre tilsette, kjøp av varer og tenester frå bedrifta vår, eller samarbeid der vi er underleverandør i deira verdikjede. Slike samarbeid bidreg både til menneskeleg utvikling og til økonomisk verdiskaping, og er ein viktig del av arbeidet med å skape fleire inkluderande arbeidsplassar.

Ved tildeling av berekraftsbeviset blir det lagt særleg vekt på at samarbeidet skaper varige og meningsfulle arbeidsoppgåver, fremjar meistring, utvikling og inkludering, og at samarbeidet er forankra i leiinga i bedrifta. Det blir òg lagt vekt på at bedrifta driv i tråd med ansvarlege og etiske prinsipp.

Ordninga med berekraftsbevis er forankra i fleire av FN sine berekraftsmål, særleg mål 3 (god helse og livskvalitet), mål 4 (god utdanning), mål 8 (anstendig arbeid og økonomisk vekst) og mål 12 (ansvarleg forbruk og produksjon). Gjennom samarbeidet med partnarane våre bidreg vi saman til å realisere desse måla i praksis.

Vår søsterbedrift Smiløkka har gjennom fleire år delt ut berekraftsbevis. Vi deler deira initiativ og introduserer dette til fleire av våre samarbeidspartnarar.



Vi skaper sosial berekraft ved å gjere arbeid mogleg for alle – kvar dag.

Vi ser moglegheiter der andre ser problem, og gir menneske kompetanse, erfaring og meistring gjennom tilrettelagd arbeid og fagopplæring. Når skjulte ressursar blir tekne i bruk, mobiliserer vi arbeidskraft, reduserer utanforskap, kuttar kostnader og aukar verdiskapinga. Dette er sosial berekraft i praksis

Når ein samarbeider med Knarvik Industri og Miljø AS, bidreg bedriftene vi samarbeider med til sosial berekraft. Berekraftsmåla 3, 4, 8 og 12 er særleg relevante for Knarvik Industri og Miljø AS.



**3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET**  
Arbeid bidreg til betre helse gjennom struktur, meistring og sosial tilhøyrslø. Det kan førebyggje psykiske plager og gi økonomisk tryggleik.

Tilrettelagt arbeid og tett oppfølging kan redusere behovet for helsetenester og trygdeytningar. Dette gir ein direkte og betydeleg samfunnsøkonomisk gevinst for kommunen, helsevesenet og samfunnet elles.

Arbeids- og inkluderingsbedrifter spelar ei viktig rolle ved å tilby kartlegging, tilrettelegging, kompetansebygging og arbeidstrening som hjelper fleire inn i arbeid.



**4 GOD UTDANNING**  
Ikkje alle passar inn i det tradisjonelle skuleløpet, men alle har rett til individuelt tilrettelagd opplæring.

Tilrettelagd fagopplæring i bedrift, som lærekandidatordninga, gir praktisk læring, tett oppfølging og dokumentert kompetanse som arbeidsgivarar ser og verdset.

Knarvik Industri og Miljø er godkjend opplæringsbedrift og tilbyr både fagkompetanse og tilrettelagde arbeidsplassar. Erfaring viser at samarbeid mellom skule og arbeidsliv kan gi elevar med utfordringar kompetansebrev og arbeidserfaring, noko som aukar sjansen for arbeid etter vidaregåande opplæring.

## Opplæringslova § 11-6 – Individuelt tilrettelagd opplæring

*Elevar har rett til individuelt tilrettelagd opplæring dersom dei treng det for å få tilfredsstillande utbytte av opplæringa. I vurderinga av kva opplæringstilbod som skal givast, skal det særleg leggast vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Opplæringstilbodet skal utformast slik at det samla kan gi eleven tilfredsstillande utbytte av opplæringa samanlikna med andre elevar, og at det er i tråd med dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven.*



**8 ANSTENDIG ARBEID OG ØKONOMISK VEKST**  
Berekraftsmål 8 handlar om inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetjing og anstendig arbeid for alle.

Arbeid er ein menneskerett. Frå 1. januar 2026 er CRPD-konvensjonen innlemma i menneskerettslova. Ho slår fast at personar med nedsett funksjonsevne har rett til arbeid på lik linje med andre, og forpliktar Noreg til ikkje-diskriminering, tilrettelegging og tilgang til opplæring og kvalifisering.

Krav om universell utforming og tilrettelegging blir dermed juridisk bindande.

Arbeidsinkluderingsbedrifter bidreg til dette ved å:

- skape arbeidsplassar for menneske som elles ville stått utanfor arbeidslivet
- hjelpe arbeidsgivarar med å rekruttere breiare
- sikre anstendige arbeidsforhold, løn å leve av og godt HMS-arbeid
- bidra til økonomisk vekst gjennom produksjon og tenester

Kvart år skaper arbeids- og inkluderingsbedrifter store verdier i norsk økonomi, mellom anna gjennom vaskeri, gjenbruk, tenester innan helse og omsorg, sikkerheitsutstyr og oppdrag for lokalt næringsliv.

*Visste du at dersom 15 prosent fleire personar med funksjonsnedsetjing kjem i arbeid, vil det gi Noreg ein samfunnsøkonomisk gevinst på 27,1 milliardar kroner over ti år, ifølgje Arbeidsforskningsinstituttet.*



**12 ANSVARLEG FORBRUK OG PRODUKSJON**  
Berekraftsmål 12 handlar om å sikre meir berekraftige forbruks- og produksjonsmønster.

For oss betyr dette å ta vare på ressursar, redusere avfall og skape verdi gjennom gjenbruk, miljøarbeid og lokal produksjon.

Vi arbeider for at ressursar skal brukast fleire gonger før dei blir kasta. Gjennom sortering, ombruk og fokus på miljøvenlege produkt i eigen produksjon bidreg vi til å redusere belastninga på miljøet. Når material og ressursar får nytt

liv lokalt, reduserer vi transport, sparer råvarer og styrkjer den sirkulære økonomien.

Vi har også fokus på bruk av lokale bedrifter i våre innkjøp – kjøp lokalt.

På denne måten bidreg Knarvik Industri og Miljø AS til meir ansvarleg forbruk og produksjon, der miljøomsyn, gjenbruk og lokal verdiskaping går hand i hand.



# 6

"God økonomistyring legg grunnlaget for berekraftig utvikling."



Ein sentral del av bygget vårt er oppført som kommunalt tilfluktsrom. Det understrekar rolla vår som ein trygg og robust arbeidsplass – på fleire måtar.

Kapittel 6

## Årsrekneskap og berekraft

# Resultatrekneskap

	2025	2024	Diff.
Salsinntekt	18 134 246,95	17 036 672,63	6,44%
Anna driftsinntekt	-1828,95	79 636,92	-102,30%
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>18 132 418,00</b>	<b>17 116 309,55</b>	<b>5,94%</b>
Varekostnad	1 673 565,39	1 605 430,45	4,24%
Lønskostnad	11 043 823,35	10 262 660,38	7,61%
Avskrivning på varige driftsmiddel og immatrielle egedelar	455 560,48	547 500,96	-16,79%
Annan driftskostnad	3 219 485,13	2 875 190,81	11,97%
<b>Sum driftskostnad</b>	<b>16 392 434,35</b>	<b>15 290 782,60</b>	<b>7,20%</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>1 739 983,65</b>	<b>1 825 526,95</b>	<b>-4,69%</b>
Anna finansinntekt	145 066,92	94 374,19	53,71%
Annan finanskostnad	5 446,28	1 452,14	275,05%
<b>Netto finanspostar</b>	<b>139 620,64</b>	<b>92 922,05</b>	<b>50,26%</b>
<b>Resultat før skatt</b>	<b>1 879 604,29</b>	<b>1 918 449,00</b>	<b>-2,02%</b>
<b>Ordinært resultat</b>	<b>1 879 604,29</b>	<b>1 918 449,00</b>	<b>-2,02%</b>
Årsresultat		1 918 449,00	-100%
<b>Udisponert overskot/underskot</b>	<b>1 879 604,29</b>	<b>0</b>	

Likviditet



Særs god  
2,56

Lønsemd



Særs god  
24,3%

Soliditet



Særs god  
75,2%

Noreg har mange  
utfordringar.  
At folk vil arbeide,  
bør ikkje vere  
ei av dei.



56 97 88 50



[www.k-im.no](http://www.k-im.no)



Kvassnesvegen 52-54  
5914 Isdalstø



[post@k-im.no](mailto:post@k-im.no)



[facebook.com/knarvikindustri](https://facebook.com/knarvikindustri)



[instagram.com/knarvikindustri](https://instagram.com/knarvikindustri)

Sjå video om oss her

